



Til foreldre og føresette i skular i Alver

Vi vil rette ein stor takk til alle for viljen de har vist til omstilling og innsatsen de har lagt ned i heimeundervisning, i tida med stengte skular. [Måndag 27. april opnar vi opp skulane og vi gler oss til å sjå elevane på skulen.](#)

Skuledagen vil vere med same start- og sluttid som vanleg. SFO vil vere open mellom kl. 8.00 -16.00.

Skulane treng tid til å samarbeide og tilpasse drifta slik at det er trygt å vere på skulen. Dei fleste skulane vil bruke torsdag og fredag til dette. Elevane vil få oppgåver dei skal arbeide med heime denne dagen, men tilsette i skulane vil i mindre grad vere tilgjengeleg for elevkontakt desse dagane.

Det er trygt for barna å gå på skulen

Skulane våre har allereie gode rutinar for smittevern, og vi har no oppdatert desse i tråd med [den nye rettleiinga frå Folkehelseinstituttet](#):

- Vi har **ekstra fokus på reinhald** – både på inne- og uteareala våre.
- Ekstra hygiene kring måltid blir iverksett. Alle barn skal ha med **mat og eige drikkeflaske heimanfrå til skulen og SFO**. Oppbevar maten i matboks.
- Klassane blir delt i **grupper** av barn med faste tilsette.
- **Trygg henting og bringing** blir organisert av den einskilde skulen. Foreldre skal helst ikkje vere med inn i skulen.
- **Sjuke personar skal ikkje vere i skulen.**
- Deling av leiker og materiell som saksar, teiknesaker og liknande vert avgrensa.
- Alle våre tilsette, samt vikarar, får **opplæring** i smittevern.



Vi skal framleis ta vare på barna sine behov for omsorg og sørge for at alle born opplever tryggleik, å høyre til og trivsel i skulen.

Skuleskyss

Det er ønskeleg at vi avgrensar bruk av offentleg transport til eit minimum. Vi oppfordrar difor at så mange som mogeleg sykklar eller går til skulen. Ved bruk av skuleskyss, bør elevane sitte med minst eit setes mellomrom. Til dømes kan det på en buss med 4 sitteplassar per rad, sitte to barn per rad med alternerende vindu/midtgang. Elevane må halde ein meters avstand mens de ventar på bussen/annet transportmiddel.

Viss barnet ditt ikkje kjenner seg bra

Har barnet ditt symptom på sjukdom, også milde symptom, skal de ikkje kome til skulen. Det er ekstra viktig no at barna er heime i minst eitt døgn etter at dei har blitt symptomfrie. Foreldre som har luftvegssymptom, skal ikkje følgje eller hente barn til skulen. Har foreldre eller nokon andre i husstanden fått påvist sjukdom med koronavirus, skal dei heller ikkje kome til skulen.

Viss barnet blir sjuk i løpet av skuledagen, må de hente barnet så fort det let seg gjere. [Les meir om sjukdom på skulen på denne sida.](#)

Har du nokre barn det må takast spesielle omsyn til?

Barn og unge har så langt vist seg å ha svært låg risiko for alvorleg sjukdom med koronavirus. For å vere føre var kan likevel barn som har spesielle sjukdommar og diagnosar bli rådd til å unngå oppmøte på skulen. [På denne lenkja finn du ei oversikt over diagnosar der det skal takast spesielle omsyn.](#) Ta kontakt med rektor om barnet ditt har ein av diagnosane som er lista her.

Betaling Sfo

Når skulane opnar igjen, blir det foreldrebetaling som vanleg i Sfo. Foreldre skal betale frå den dagen dei igjen får tilbod om plass.



Har de eller barna spørsmål?

Retningslinjene over er dei som gjeld no. Hald deg oppdatert på informasjonen som kjem frå kommunen. Vi justerer smitteverntiltaka etter behov.

Er det anna vi skal vere merksame på eller leggje til rette for når det gjeld ditt barn? Ta kontakt med rektor på skulen om du lurar på noko. Meir informasjon om oppstart på dykkar skule får de i informasjonsbrev frå den einskilde skulen.

Lurer barnet på noko? [Vis dei gjerne denne filmen.](#)

Vi gler oss til å få liv og røre på skulen igjen. Hugs å fortsetje å vaske hendene ofte, halde avstand og ta vare på kvarandre!

Med helsing
Olaf M Hella
Tenesteleiar skule

Kristin Moe
Kommunalsjef oppvekst